

201106148-24
312
KSK/

John Presttun
Gjerstadveien 451
5282 LONEVÅG

NVE konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

24.03.2017

Klage på Gjerstad Kraftverk – trase for kraftledning Gnr. 33, brn. 2

Eg har sett på linja for kvar kraftledning skal gå frå Gjerstad Kraftverk til Sekunderstasjon på Presttun og vil klaga val av trase for høgspenkabel.


Årsaka er at det å få en høgspenkraftledning over min eigedom vil nok truleg redusera framtidig verdi på eigedomen og vil då også mest sannsynleg verta til hinder for utbygging og utnytting av eigedomen i framtida, dersom ny eigar vil ta oppatt jordbruksdrifta.

Eg vil opplysa om at det det ligg vassledning til driftsbygning og til huset til Jonny Presttun Tjong gnr 33, bnr. 8. og slik traseen er teikna inn vil dette verta ramma av kraftlinja.

I tillegg til dette er vil også grøfter som er opparbeid kunna verta øydelagt i samband med kabelgrøfta og eg ser det som svært viktig at dette vert teke omsyn til.

Det ville etter mi meining vera naturleg å leggja kabelgrøfta etter vegen så det då ikkje vil vera til hinder for meg som bruker av eigedomen.

Helsing


John Presttun